



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda kommunestyre	28.08.2017	055/17

Ullensvang kommune: Etablering av ny kommune

Ordføreren sitt forslag til

vedtak:

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Ullensvang kommune
2. Kommunestyret i Ullensvang kommune skal ha 33 medlemmer
3. Fellesnemnda for kommunane Odda, Jondal og Ullensvang skal ha 19 medlemmer.
 - a. Ni frå Odda
 - b. Seks frå Ullensvang
 - c. Fire frå Jondal.

Det skal også veljast varamedlemer til nemnda. Medlemene vert valt av og blant medlemene i kommunestyret. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyret skal stå for den daglege drifta og avviklinga av Odda kommune

Medlemene i fellesnemnda:

1. ..
2. ..
3. ..
4. ..
5. ..
6. ..
- 7.
- 8.....
- 9...

Vararepresentantar: (i nr.rekkjefylgje)

1. ..
2. ..
3. ..
4. ..
5. ..
6. ..
7. ..

8. ..
9. ..

4. Odda kommunestyre gjev fellesnemnda fullmakt til å tilsetja revisor i tråd med inndelingslova 26, 5. ledd.
5. Det vert oppretta eit partssamansett utval (PSU) for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette. Partsammansett utval skal ha tre representantar frå kvar kommune med 2 tillitsvalde representantar. Partsamansett utval konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar

Medlemmer i PSU:

1. ..
2. ..
3. ..

Vara i rekke:

1. ..
2. ..
3. ..

6. Det kan setjast ned eit arbeidsutval for fellesnemnda. Arbeidsutvalet bør ha innstillingsmynde til fellesnemnda. Det midlertidige arbeidsutvalet held fram sitt arbeid inntil fyrste fellesnemndsmøte.

Odda 21.07.17
Roald Aga Haug
Ordførar

28.08.2017 Odda kommunestyre

Behandling:

I møte 1 som starta kl 09.00 reiste repr. Bolstad (A) slikt forslag til Partsamansett utval (PSU):

Medlemer:

1. Roald Aga Haug (A)
2. Erlend Nævdal Bolstad (H)
3. Therese Børve (A)

Repr Kollbotn (R) føreslo seg sjølv som 1. vara

Nilsen (MOD) føreslo Terje Kollbotn som medlem uten å setja opp motkandidat

Ordførar avklarte sandpunkt til namnet på den nye kommunen, og merka at Ullensvang kommune er brukt i intensjonsavtalen som er behandla i kommunestyret i Odda 2 gonger, og som og låg til grunn for folkerøystinga om kommunesamanslåing.

Utdelt dokument kl 09.40: Intensjonsavtalen for Ullensvang kommune

Nilsen (MOD) trekte framlegget sitt i debatten, og vona og at språkdeligna held fram i den nye kommunen

Linda Haugland Jondal (A) føreslo :

Vararekke PSU

1. Terje Kollbotn R
2. Anne Marit Buer V
3. Anna Maria Kråkevik H

Ordfører sitt forslag vart votert over slik;

Pkt 1. Samr. vedteke

Pkt 2. Samr. vedteke

Pkt 3. Ordføreren sitt forslag med medlemmer og varamedlemmer (i rekke) i samsvar med vedtak i OK sak 54 vart samr vedteke

Pkt 4. Samr. vedteke

Pkt 5. Partssamansett utval med i saka føreslegne medlemmer og varamedlemmer vart samr. vedteke.

Pkt 6. Samr. vedteke

OK-055/17 Vedtak:

**I møte 1 kl 09.00 . Ordføreren sitt forslag vart samr vedteke ved punktvis votring
Vedtaket er :**

Pkt 1. Namnet på den nye kommunen skal vera Ullensvang kommune

Pkt 2. Kommunestyret i Ullensvang kommune skal ha 33 medlemmer

Pkt 3. Fellesnemnda for kommunane Odda, Jondal og Ullensvang skal ha 19 medlemmer.

- a. Ni frå Odda
- b. Seks frå Ullensvang
- c. Fire frå Jondal.

Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda. Medlemene vert valt av og blant medlemene i kommunestyret. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.

Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyret skal stå for den daglege drifta og avviklinga av Odda kommune

Medlemmer er :

1. Roald Aga Haug
2. Linda Haugland Jondahl

3. Johnny Vikne
4. Therese K. Børve
5. Terje Kollbotn
6. Erlend Nævdal Bolstad
7. Anna Maria Kråkevik
8. Anne Marit Buer
9. Marit Backer –Owe

Vara i rekke er :

1. Trygve Bolstad
2. Solfrid Horne -Moe
3. John Opdal
4. Eivind Tokheim
5. Kaare Johannes Aase
6. Anne Gravdal
7. Jarle Vangen
8. Cathrine Seim Holten
9. Finn Kristoffersen.

Pkt 4. Odda kommunestyre gjev fellesnemnda fullmakt til å tilsetja revisor i tråd med inndelingslova 26, 5. ledd.

Pkt 5. Det vert oppretta eit partssamansett utval (PSU) for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette. Partssamansett utval skal ha tre representantar frå kvar kommune med 2 tillitsvalde representantar. Partssamansett utval konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar

Medlemmer i PSU:

1. Roald Aga Haug (A)
2. Erlend Nævdal Bolstad (H).
3. Therese K. Børve (A)

Vara i rekke:

1. Terje Kolbotn (R)
2. Anne Marit Buer (V)
3. Anna Maria Kråkevik (H)

Pkt 6. Det kan setjast ned eit arbeidsutval for fellesnemnda. Arbeidsutvalet bør ha innstillingsmynde til fellesnemnda. Det midlertidige arbeidsutvalet held fram sitt arbeid inntil fyrste fellesnemndsmøte

Del to av møtet : Drøftingsmøte etter inndelingslova med etterfylgjande vedtak i OK

sak 55 og 56/ -17.

Her deltek og Hilde Crovo Engesæter (V) frå kl 12.00 Odda kommunestyre er 27 medlemer ved møtestart kl 12.00

Kl 14.30 Repr. Våde (R) permittert. OK er 26 medlemer då saka kom opp til votering.

Saka kom opp att på Meierielt kulturhus kl 15.20 etter at Jondal kommunestyre og Ullensvang heradsstyre hadde fatta sine vedtak og vart på nytt votert gjennom punktvis med samrøystes vedtak på alle punkt

Saka gjeld:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunelova, inndelingslova, intensjonsavtalen mellom Odda, Jondal og Ullensvang.

Saksutgreiing:

Kommunestyra/heradsstyret i Odda, Jondal og Ullensvang vedtok i 2016 å slå seg saman. Dei vedtok også ein eigen intensjonsavtale med ei rekke føringar for kva den nye kommunen skal vera. Intensjonsavtalen og referat frå møta i prosessen ligg ute på www.ullensvang.kommune.no

Våren 2017 oppretta kommunane ei førebels fellesnemnd med 19 representantar. Nemnda fekk mellom anna i oppgåve å førebu arbeidet med samanslåinga fram til ei permanent fellesnemnd etter Inndelingslova er oppnemnd.

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) føreset at Fylkesmannen, så snart Stortinget har vedteke samanslåing for aktuelle kommunar, skal samla kommunestyra for desse kommunane til eit felles møte. Form og innhald i møtet går fram av §25 i lova, og inneber både felles drøftingsmøte og separate formelle møte der kommunestyra etter lova har mynde til å gjere vedtak. For Odda, Jondal og Ullensvang er dato for møtet sett til 28. august 2017.

Denne saksutgreiinga inneheld ei skildring av dei tema som skal drøftast i fellesmøtet og vedtakast i dei påfølgjande kommune/heradsstyremøta.

Namn på den nye kommunen.

I Intensjonsavtalen står det i pkt. 4 at «Namnet på den nye kommunen vert Ullensvang kommune».

Jamfør inndelingslova § 25 vert endeleg framlegg til namn drøfta i fellesmøte den 28. august.

Talet på medlemmer i det nye kommunestyret

I Intensjonsavtalen pkt. 5 står det:

«Det skal sikrast at den nye kommunen har god demokratisk styring og representasjon. Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 33 representantar..... Ytterlegare politisk organisering vert opp til den nye kommunen å avgjera»

Endeleg framlegg til medlemmer i det nye kommunestyret vert drøfta i fellesmøte den 28. august

Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova

Jondal kommunestyre (sak 18/17), Odda kommunestyre (sak 011/17) og Ullensvang heradsstyre (sak 020/17) vedtok våren 2017 å oppretta ei førebels fellesnemnd med likelydande vedtak i dei tre kommunane.

Pkt. 3 i vedtaket lyder som følgjande:

« Nemnda skal ha fylgjande samansetting, alle valde frå dei respektive herads-/kommunestyra:

- 4 representantar frå Jondal
- 6 representantar frå Ullensvang
- 9 representantar frå Odda»

Endeleg tal medlemer og fordeling vert drøfta i fellesmøte den 28. august.

Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.

Val av revisor for fellesnemnda sitt arbeide for tidsrommet 2017 – 2019 følgjer den praktiske løysinga NKRF har tilrådd. Om ein følgjer denne tilrådinga, vert den rekneskapsførande kommunen sin revisor vald som revisor for fellesnemnda. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jf §26 i inndelingslova. Alle tre kommunane har i dag Indre Hordaland revisjon som revisor.

Det bør opprettast eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette.

I møte i førebuaende fellesnemnd 30. mai 2017 vedtok mellombels fellesnemnd ei organisering av prosjektet med arbeidsutval og partsamansett utval.

Pkt 2. i framlegget til vedtaket(sak 002/17) :

«Partssamansett utval skal ha 15 medlemmer: 3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 tillitsvalde frå kvar kommune»

I vedtakt frå førebuaende fellesnemnd (002/17) vart det i pkt 3. val tre representantar frå kvar av kommune med vararepresentantar.

I pkt 4. i vedtaket vert det og vedteke «Partsamansett utval konstituerar seg sjølv, vel leiar og nestleiar.»

Tal medlemmer, fordeling for dei ulike kommunane og involvering av tillitsvalde vert drøfta i felles kommunestyremøte den 28. august.

Det må lagast mandat for partsamansett utval.

Andre forhold ved samanslåinga

Det bør opprettast eit arbeidsutval.

Fellesnemnda kan gje eit arbeidsutval mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Det midlertidige arbeidsutvalet har vore samansett av ordførarane i dei tre kommunane med rådmennene som sekretariat. Det bør oppnemnast eit permanent arbeidsutval.

Saka skal ekspederast av:
Særutskrift skal sendast til:

Sakshandsamar
Ullensvang herad, Jondal kommune og leiar i
Fellesnemnda
Arkiv